



Årsmelding for Osterøy Idrottslag 2009

Vedteke på årsmøtet i Osterøy Idrottslag 8. mars 2010

**OIL sin hovudsponsor:
Sparebanken Vest**

Innholdsliste

| | |
|---------------------------------------|----|
| Innholdsliste..... | 2 |
| Hovudstyret | 3 |
| Gruppestyra i 2009. | 3 |
| Andre nemnder og komitear. | 3 |
| Osterøy Idrottslag i 2009..... | 4 |
| Organisasjon. | 4 |
| Økonomi. | 5 |
| Heimesida. | 5 |
| Årsmelding Fotballgruppa 2009..... | 6 |
| Årsmelding Friidrettsgruppa 2009..... | 7 |
| Årsmelding Skigruppa 2009..... | 8 |
| Årsmelding Turngruppa 2009..... | 11 |
| Årsmelding Volleyballgruppa 2009..... | 12 |
| Årsmelding Spretten 2009..... | 13 |
| Årsmelding Handballgruppa 2009..... | 14 |

Hovudstyret

Styret i OIL for 2009.

| | | | |
|-------------|---|----------------------|------------------|
| Leiar | : | Jørgen Varden | 09 |
| Nestleiar | : | Eystein Markmannrud | 08/09 |
| Kontroller | : | Geir Kleppe | 09 |
| Sekretær | : | Ragnhild Balsvik | 09/10 |
| Styremedlem | : | Lisbeth Neu | 09/10 |
| 1) | | | |
| Revisor | : | Roger Breivik | 09 |
| | | Bjarte Lohne 2) | 09 |
| | | Laila Borge | 09 |
| | | Svein Lohne | 09 |
| Valnemnd | : | Svein Lohne | 09 ny leiar |
| | | Askil Solberg | 09 attval medlem |
| | | Kari Hestnes | 09 attval |
| | | Vara: Johannes Borge | |

1) Årsmøtet i 2009 gav styret i oppdrag å nemna opp dei vakante postane (1 styremedlem for 2 år, 2 varamedlem for 1 år og revisorar.

2) Norun Rosness reviderte rekneskap 2009 i staden for Bjarte Lohne

Dagleg leiar: Tore Langeland

Gruppestyra i 2009.

| GRUPPE | LEIAR | KASSERAR | SEKRETÆR |
|------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Fotball | Eirik Bergan | Tore Langeland | Roald Martinsen |
| Friidrett | Sigbjørn Reigstad | Ole Johannes Mjøs | Anette Bru |
| Ski | Øyvind Litland | Bernt J Flæsland | Øyvind Litland |
| Turn | Espen Gjerstad | Monika R. Solberg | Målfrid V. Lohne |
| Volleyball | Trude Jacobsen | Siw M. Jacobsen | Trude Jacobsen |
| Handball | Robert Nilsen | Hildegunn Mjøs | Vibeke Olsnes |
| ”Spretten” | Åshill Fredriksen | Nina Fjellskålnes | Åshill Fredriksen |

Andre nemnder og komitear.

Idrettsmerkeutval: Friidrettsgruppa
Premiesamling: Vidar Simmenes og Svein Lohne
Husstyret: Kjellaug Hartveit og Tore Langeland

Prosjektnemder:
Kunstgrasbana: Styret
Drift- og vedlikehaldsnemnd
for Osterøy Stadion: Tore Langeland (leiar)
Olav Sturle Lone
Johannes Gjerstad

Osterøy Idrottslag i 2009

Osterøy Idrottslag har hatt ca 700 medlemmer i 2009, uendra frå 2008. 2009 var det 91st driftsåret for OIL. Aktiviteten i laget har vore fordelt på 6 aktive grupper. Aktiviteten i volleyballgruppa vart innstilt hausten 2009 grunna fråfall av fleire spelarar.

Styret har hatt 12 styremøte i tillegg til tre fellesmøte med gruppestyra. Av større saker som styret har handsama kan nemnast:

- Sendt søknad om spelemidler for ny kunstgrasbane ved Osterøy Stadion, utbygging/ombygging av Osterøy Stadionbygg, nytt flomlysanlegg, automatisk vatningsanlegg.
- Fullføring av kunstgrasbana i Fugledalen. Dette har også i 2009 vore den desiderte største og tyngste saka styret har arbeidd med. Bana vart offisielt opna 19. september 2009. Få minuttar etter målscoring og tale frå ordførar, myldra små og store med ball på den grønne flaten. Bana har vore jamt i bruk store deler av døgnet, til organisert og uorganisert fotballaktivitet. Prosjektet har støtt på uføresette problem på mange felt m.a. sleppe i fjell, som medførte ekstra utsprenging, høge kostnader til fjellsikring og utsetjingar. Kunstgrasdekket vart dermed fyrst lagt ferdig våren 2009. Alt dette har ført til ekstra kostnader. I tillegg kom arbeidet med å skaffa gåvemidler seint i gang, OIL har og forskottert kostnader som etter vår meining er kommunen sitt ansvar. Alt dette har ført til pressa likviditet. Kommunen vedtok å dekkja kr 240.000 av i alt om lag 1 mill. kr. på budsjettet for 2010. Det føregår framleis dialog med kommunen for å avklara desse forholda.
- Gjort det meste av førearbeidet med rutinar og retningslinjer til digital rutinehandbok for OIL.
- Utarbeidd utkast til avtale med Osterøy Aktiv om drift av kunstgrasbane.
- Fått pristilbod på konstruksjon, synfaring og reinteikning av o-kart i Lonevågsområdet. Tidlegast utføring i 2011. Vert eit spelemiddelprosjekt.
- Fått på plass politiattestar. Frå 1.1.09 må alle trenarar og andre som arbeider med barn og ungdom vise slik attest. Eystein og Lisbeth i styret har hatt ansvar for organisering og oppfølging. Tal attestar pr. 31.12.09 er 56.
- Førearbeidet til fotovegg i inngangen nede er gjort, avtale med fotograf Storebø er på plass og fotoveggen vil bli montert på nyåret.
- Det er installert ventilasjon i kursrommet som vert leigd ut til trafikkskulen.

Organisasjon.

Hovudstyret har også i 2009 hatt færre styremedlem enn det organisasjonsplanen tilseier, men ting har fungert. Mangel på ein person med IKT-kompetanse har vore eit sagn.

Aktiviteten i volleyballgruppa vart innstilt hausten 2009 og retten til 1. divisjonsspel overført til Rossvoll VBK, etter vedtak på ekstraordinært årsmøte i volleyballgruppa og godkjenning frå Norges Volleyballforbund.

Økonomi.

Utbygging av kunstgrasbane i Fugledalen, ombygging av klubbhuset og installering av automatisk vatningsanlegg har ført til ei betydeleg lånegjeld. Rente- og avdragskostnadane for eit lån på kr 2 mill. vert dekkja inn av leigeavtale med kommunen. For å fullfinansiere Fugledalen er det teke opp eit lån på inntil kr 1,8 mill. Ein har ikkje lukkast med å skaffa inndekking av dette lånet via gåvemidlar (har så langt fått inn ca. 50% av budsjetterte gåver). Fugledalen fekk tildelt kr 2.000 000,- i spelemidlar i 2009, der 1.6 mill kr vart utbetalt, og dei resterande midlane vert utbetalt når revidert rekneskap ligg føre. Status pr 31.12.2009 er at Fugledalen har fått utbetalt 2.1 mill kr i spelemidlar, desse pengane vart forskottert av Lobas AS og er tilbakebetalt, slik at Lobas har fått tilbake 2.1 mill kr av dei totalt 2.5 mill kr dei forskotterte til kunstgrasbana.

Det er søkt på nytt for tre spelemiddelprosjekt for 2010:

1) Klubbhus, 2) Vatningsanlegg 3) lysanlegg Osterøy stadion

Nytt av året er Grasrotandelen frå spelemidlane. I 2009 utgjorde dette kr 56.000, av dette er kr 44.000 utbetalt i 2009.

Betre utnytting av inntekspotensialet ved heimesidene har ein ikkje kome i gang med, sjølv om rutinar og kostnadsdeling er avklart med gruppestyra.

Sponsoravtalen med Sparebanken Vest gav kr 25.000 i 2009, og i tillegg kr 75.000 som gåve frå Sparebanken Vest sitt fond til allmennyttige føremål.

Heimesida.

Laget si heimeside har ein delvis lukkast med. Sida har høge besøkstal. Det er styret si meining at gruppene gjer ein god jobb med utlegging av relevant og oppdatert informasjon. Hovudstyret har ikkje lukkast i å få eit styremedlem med IKT-kompetanse som kunne gå aktivt inn i jamn oppdatering av heimesida og stå for vidareutvikling av nettbasert informasjonstenester m.v. Styret ser ei intranettløysing som viktig for utvikling av ei framtidretta løysing.

Arbeidet med å utnytte inntekspotensialet og vidareutvikla gode redaksjonelle arbeidsformer på nettet er igangsett.

Gruppene, kort samandrag av årsmeldingane følgjer på dei neste sidene.

Årsmelding Fotballgruppa 2009

Styret for 2009:

- | | |
|-----------------------|--------------------|
| • Eirik Bergan | Leiar |
| • Helge Kollvangsnes | Nestleiar |
| • Roald Martinsen | Skrivar/kasserar |
| • Tore Langeland | Kasserar |
| • Ivar Solberg | Leiar sponsornemnd |
| • Stein Roar Evensen | Leiar sportsnemnd |
| • Gerd Karin Njåstad | Leiar økonominemnd |
| • Anne Marit Hartveit | Materialforvaltar |
| • Kristin Bergan | Valnemnd |

Våren 2009 lukkast valnemnda å skaffa nok kandidatar til eit fulltallig styre, samt forsvarleg bemanning av nemnder. Styret har hatt 4 styremøter, samt mange møter i dei ulike nemndene. Det har vore jobba godt i alle nemnder. Medlemstalet for gruppa var 250 ved årsskiftet, dei aktive medlemmane var fordelt på 18 lag. I tillegg til seriespel har laga delteke på ulike cupar.

Året 2009 blei eit blanda år sportsleg sett, men me har likevel mykje å gleda oss over. Etter mange år med dårlege treningsforhold stod endeleg ny kunstgrasbane i Fugledalen ferdig sommaren 2009. Slikt skapar iver og engasjement hjå mange, både aktive og funksjonærar. Offisiell opning av bana med ordførar i spissen vart feira i september. Fotballgruppa har arrangert Ribbecup, avslutning i hallen og lotteri. Me har gitt ut kampprogram på alle heimekampane til a-laget.

Sportsnemnd med leiar Stein Evensen i spissen har fått fram ein optimisme blant spelarar og trenararar i alle aldersgrupper, og det er mykje godt arbeid som er lagt ned i denne nemnda. Sjå vedlagt årsmelding frå nemnda.

Sponsornemnda med Ivar Solberg i spissen, har seld sponsorpakker for om lag 330 000 kr,-, dette trass finanskrisen. Mange sponsorpakker er retta mot aldersbestemte lag. Ein stor takk til alle velvillige sponsorar.

Økonominemnda med Gerd Karin Njåstad i spissen har gjort ein kjempejobb med lotteri og kiosksal. Kiosksalet er meir enn dobla mot tidlegare år, mykje takka ny salsbu og eit godt stykke frivillig arbeid. Sjå vedlagt årsmelding frå økonominemnda.

Som ei følgje av sponsorpakker som blei seld har nesten alle nye lag i år vorte utstyrt med nye draktsett. Det er også gjort eit stort løft med nye ballar i samband med ny bane.

Gruppa vil i 2009 få eit underskot på om lag 40 000 kr,-, dette skuldast i hovudsak investeringa som er gjort i samband med salsbu til kunstgrasbana. I tillegg gjekk mykje av sponsorinntektene det første året med til innkjøp av drakter og annonsemateriell.

Som ei oppsummering vil eg sei at sesongen 2009 sett under eitt har vore svært positiv. Opning av ny bane i Fugledalen, samt all frivillig innsats som er lagt ned gjennom året, har skapt ein positivitet som me må forsøkja å halda oppe så lenge som mogeleg. Ein stor takk til alle som har delteke i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Lonevåg, 22.02.10

Eirik Bergan, leiar (s)

Årsmelding Friidrettsgruppa 2009

Medlemstal:

Pr. 01.01.2010 har gruppa 222 betalande medlemmer (227 i 2009).

Representasjon:

Helga Reigstad har i 2009 vore sentralstyremedlem i Friidrettsforbundet
Karl Johan Reigstad var frå hausten 2008 vore medlem og leier av teknisk komitè i en lokal organisasjonskomite for EM for lag som blei arrangert på Fana stadion i juni 2009.

Sportsleg aktivitet:

Jenter/Gutar:

Gruppa har hatt ein stabil aktivitet i desse årsklassane dei siste åra. For tida er det litt tynnare på jentesida enn gutesida. Dette ser ein bl.a. på medaljehausten i nasjonale ungdomsmesterskap der gruppa har sankt tilsaman 22 medaljer i løpet av året i alderen 15-19år. Alle på gutesida. I desse årsklassane er klubben blant dei beste i landet i 2009 på gutesida.

Vaksne

Prestasjonane på seniornivå er i hovudsak i 2009 gjort av spreke juniorar og veteranar. Her er det i hovudsak 3 personar som har framheva seg i år. Bjarte Vik og Martin L.Kåstad har i år delteke på henholdsvis senior- og juniorlandslaget. Helga Reigstad er framleis inne på topp 10 i landet i spyd og hadde ein fin 4.plass i hovudmeisterskapet

Arrangement

Det desidert største arrangementet dette året var NCC-lekene 5. Og 6.september.
Eit stort forarbeid var lagt ned, resultatet vart svært godt og tilbakemeldingane både frå deltakarar, leiarar og forbund var svært positive. Osterøy har inngått avtale om arrangementet for 2 nye år.

Informasjon:

Gruppa har ei svært god heimeside på www.osteroyil.no.

Konklusjon:

Eit år med stor sportsleg suksess blant ungdommen, med eit utruleg UM på Nadderud som høgdepunktet. Eit vel gjennomført arrangement under NCC-lekene støtta opp under gruppa sitt rykte som godt vertskap.

Styret vil nytta høvet til å takka medlemmane for framifrå innsats i 2009 – og håper de vil vera med på leiken i 2010 og!

Årsmelding Skigruppa 2009

Med i styret 2009

| | | |
|-------------------------|-----------------------|---------------------|
| Øyvind Litland | leiar | valgt for 2009 |
| Bernt Johan Flæsland | kasserar | valgt for 2009/2010 |
| Øivind Aasheim | oppmann | valgt for 2009/2010 |
| Arvid Rolland | ansvar maskiner/løype | valgt for 2008/2009 |
| Torstein Mjelde | ansvar hytte/løype | valgt for 2008/2009 |
| Johnny Mostraum | ansvardata/tidtaking | valgt for 2009/2010 |
| Bjørg Braathen Reigstad | styremedlem | valgt for 2009/2010 |
| Kari Hestnes | varamedlem | valgt for 2009 |

Styret har hatt 5 styremøter og handsama 24 saker.

REKRUTTERING

Skigruppa har 100 medlemmar. Det har vore skipa fleire samlingar denne hausten, frå oktober til midten på desember. 4 av løparane våre er også på kretslaget for junior.

Ein del av løparane har hatt fellestrening frå mai og heile sommaren gjennom. Frå ultimo august har det vore 5 fellestrningar i veka.

Trenarar har vore Johnny Mostraum og Øyvind Litland med hjelp av Torstein Mjelde og Jostein Reigstad.

Faste smørjarar på alle renn der me har deltakarar er Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland

DELTAING I STØRRE RENN OG RESULTAT

Me har deltakarar på alle renn som vert skipa til i Hordaland Skikrins. Vidare har me hatt løparar på Norges Cup for junior, samt NM for junior. Hovedlandsrennet for 15 og 16 åringar er årvisst. Også i Holmenkollen Skifestival har me hatt løparar i klassen 13 og 14 år der Sigurd Braathen Reigstad tok ein svært hederleg 39. plass. Løparane våre hevdar seg heilt i toppen på krets nivå. I særdelesheit gutar 13, 14 og 17 år. Osterøy IL er ein av klubbane med flest deltakarar pr renn i Hordaland.

Me hadde med 3 stk løparar på junior NM med Lars Braathen Reigstad, Emil Hosøy og Eirik Mjelde der dei fekk fylgjande resultat:

Lars G18 nr 105 i klassisk og nr 118 i fristil.

Emil G17 nr 127 i klassisk og nr 60 i fristil.

Eirik G 17 nr 60 i klassisk og nr 92 i fristil

På NorgesCup i Granåsen deltok dei same med fylgjande resultat:

Lars G 18 nr 126 i klassisk, nr 120 i fristil og nr 99 i klassisk sprint.

Emil G 17 nr 64 i klassisk, nr 71 i fristil og nr 107 i klassisk sprint.

Eirik G 17 nr 74 i klassisk, nr 74 i fristil og nr 100 i klassisk sprint.

På Norges Cup i Harstad fekk dei fylgjande resultat:

Emil G17 nr 66 i klassisk og nr 51 i fristil.

Eirik G 17 nr 72 i klassisk og nr 64 i fristil.

Ellers hadde me 2 stk deltakarar med på Hovedlandsrennet for 15 og 16 åringar, Ola Braathen Reigstad og Magnus Bru Reigstad der dei fekk fylgjande resultat:

Ola G16 nr 242 i klassisk sprint og nr 234 i fristil.

Magnus G 15 vart nr 222 i klassisk sprint og nr 192 i fristil.

I Holmenkollen Skifestival var desse med: Sigurd Braathen Reigstad, Johannes Langhelle, Øyvind Mjelde og Eirik Aastvedt og med fylgjande resultat:

Sigurd G13 nr 39 i fristil og nr 69 i klassisk

Johannes G13 nr 118 i fristil og nr 138 i klassisk

Øyvind G 14 nr 106 i fristil og nr 101 i klassisk

Eirik G 14 nr 169 i fristil og nr 179 i klassisk

Under vestlandsmesterskapet i Stryn oppnådde me desse resultatata:

Sigurd Braathen Reigstad G 13 nr 2 sprint og nr i 3 fristil. Dei andre deltakarane frå Osterøy som ikkje kom på pallen er ikkje gløymd.

Vidare nemner ein dei som fekk pallplass under KM. Dei andre er ikkje gløymd.

Gutar 13 år Sigurd Braathen Reigstad nr 1 i fristil og nr 1 i klassisk og nr 2 i sprint

Gutar 14 år Øyvind Mjelde nr 2 i sprint og nr 2 i klassisk

Gutar 17 år Eirik Mjelde nr 3 i sprint

Gutar 17 år Emil Hosøy nr 3 i klassisk

Under KM stafett vart .Gutar 17-20år nr 3 med Eirik Mjelde, Lars Braathen Reigstad og Emil Hosøy.

Løparane våre representerar Osterøy på ein framifrå måte.

I 2009 greide me å skipa til 4 stk lysløyperenn med 110 deltakarar innom. Å få skipa til desse renna er avgjerande for rekrutteringa vår. Premieutdeling vart føreteke i lysløypa i april..

LYSLØYPA/SKIHYTTA

All trening er no i eller med utgangspunkt i lysløypa med unnatak når det gjeld rulleski.

Sundagane prøver me og veksla mellom ulike fjell på Osterøy.

Alle styremøte og andre møter vert halde i skihytta.

Det er utført mykje dugnadsarbeid når det gjeld skogrydding og grøfterensk samt utbetring etter store flaumskader dette året. Mykje av skogen som er rydda er skoren opp til matrial til ei smørjebu/uverskur som skal plasserast på skistadion. Ellers er det skifta 25 stk lyspærer og 10 stk armature med innleigd lift og utført av Yngvar Mjelde og Øivind Aasheim. Arvid Rolland heldt maskinparken i topp stand til ein kvar tid.

Løypepreparering med scooter og løypemaskin vert utført av Bernt Johan Flæsland og Øyvind Litland

Anders Flæsland og Johnny Mostrau held heimesida til Skigruppa oppe på ein framifrå god måte.

INNTEKTER

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå dugnadsarbeid, maling, draktreklame, skiltreklame, kakelotteri og diverse anna. Skigruppa fekk også i 2009 ei tildeling frå Idrettsrådet i Osterøy til vedlikehaldsoppgåver. Desse midlane er nytta til det dei var søkt til og er svært verdifulle for oss.

SLUTTORD

Skigruppa vil med dette takka grunneigarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2009. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon heile året eit godt produkt og tilbod.

Skigruppa vil så langt råd er leggja til rette for å utvikla, bygga ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samarbeid med grunneigarane til beste for alle.

Osterøy IL
Skigruppa
Haus 16.02.2010
Øyvind Litland

Årsmelding Turngruppa 2009

Styret for 2009:

| | | |
|--------------|-------------------|--------------|
| Leiar | Espen Gjerstad | på val i -10 |
| Nestleiar | Elin Bergan | på val i -10 |
| Kasserar | Monika R. Solberg | på val i -10 |
| Sekretær | Målfrid Lone | på val i -11 |
| Styremedl. 1 | Randi Vevle | på val i -10 |
| Styremedl. 2 | Anette Hopsdal | på val i -11 |
| Styremedl. 3 | Annike R. Solberg | på val i -11 |
| Styremedl. 4 | Solgunn Presttun | på val i -11 |
| Styremedl. 5 | Michelle Hauge | på val i -11 |

Meldlemene våre hausten 2009 er 106 barn & 10 vaksne.

Anleggssituasjon:

I år har me gått til investering i nye turndrakter til seniorpartiet vårt. Elles var me så heldige at me har fått sponsa T-skjorter frå G-sport som alle våre gymnaster og trenar har fått. Me er også vore heldige å fått tilbake torsdagstreningane, noko som betyr veldig mykje for oss.

Økonomi:

Turngruppa har hatt ein heilt grei økonomi det siste året. Me har ikkje hatt store innkjøp og treningsavgifta dekkar akkurat inn dei ordinære driftsutgiftene. Me må difor gå aktivt ut for å skaffa inntekter viss me ynkskjer å investera i noko nytt. Arrangerer me ein konkurranse i året har me stort sett stått att me eit greitt overskudd. Me har ikkje gjort noko for å skaffa oss sponsorer å det er ei oppgåve me nok bør bruke meir tid på i året som kjem.

Framtidsplaner:

Turngruppa har ei stor utfordring i å skaffa kvalifiserte og mange nok trenarar til partia våre. Det er mykje gjenbruk og over tid slitt det på motivasjonen til trenarane. Det er ikkje rom for at nokon kan få seg eit pustear, og det er ei utfordring me må ta svært alvorleg.

Me har det også svært trangt i Osterøyhallen, både når det gjeldt treningstid og lagringsplass til utstyret vårt. Me ser svært fram til at det skal bli bedre lagringskapasitet. Slik det er no kan me ikkje gå til innkjøp av meir nytt utstyr, i så fall må det då stå usikkert ut i hallen og det er ikkje holdbart med tanke på levetida for utstyret.

Det har vore 7 styremøte i året som har gått, og det har vore behandla 37 saker. I tillegg har me også gjennomført eit styremøte med representant frå kretsen tilstades, dette for å gi oss meir innsikt og inspirasjon til å arbeide vidare.

- referent -
- Målfrid Lone –

Årsmelding Volleyballgruppa 2009

På årsmøte 2008 vart dette styret valgt:

Leiar: Trude Jacobsen
Nestleiar: Turid Sandstad Herland
Kasserar: Siw Jacobsen
Skrivar: Therese Waage Bjørkmann
Styremedlem: Jostein Jacobsen

Val komité: Trude Jacobsen
Oppmenn: - 1. div. damer: Ragnhild Eri
Pressetalskvinne: Ragnhild Eri

I år har volleyballgruppa hatt ca. 12 medlemmer, og eit lag i serien vår 09 (1. div. damer).

ANLEGGSSITUASJON

Damelaget har i 2009 trena 2 gonger i uka. Og har fortsatt godt samarbeid med BSI. Heimekampane vår -09 har laget spelt i Osterøyhallen.

KURS/UTVIKLING

I år har ingen av våre medlemmar deltatt på kurs.

ØKONOMI

Hovudsponsorane som har våre med oss i år er: LOBAS og Ruukki. Stor takk for god støtte. Arrangerte også påskecup i lag med Fotlandsvåg. Salg av Ullmax (superundertøy) Var med å arrangerte NM U-19 i Bergen. Gruppa har fortsatt litt ”volleyball t-skjorter” og fleece gensere igjen for salg.

Lokalpressa er fortsatt flinke til å skriva om volleyball, og gjer oss dermed god markedsføring. Tusen takk til Bygdanytt.

SPORTSLIGE PRESTASJONER

I sesongen 2008/2009 kom laget på 2. plass i avdelingen. Og 4.plass på total rankingen av total 13 lag.

Deltok i all 3 1. Divisjonsturneringer, plassering me fekk var ein 4.plass, ein 3.plass og en 7.plass i siste turneringen.

Pga. ein del spelarar slutta og bytta lag, vart 1. div. plassen vår overført til Rossvoll i Hardanger.

Me var 7 spelarar igjen som meldte overgang til Rossvoll, og har spelt med dei denne sesongen 2009/10.

Spelarane som meldte overgang var Nina Farsund, Therese Bjørkmann, Ragnhild Eri, Renate Turøy, Airin Espelid, Tonje Gravdal og Trude Jacobsen.

Trine Sundfjord og Katarina Kucerkova meldte overgang til Trio. Veronica Olsen meldte overgang til Lyderhorn. Turid Herland la opp.

Deltok i åpningsturnering i Bergen med Rossvoll før sesongstart, og fekk 2.plass.

Laget deltok i årets NM Veteran i Førde.

Osterøy IL, Volleyball har ingen lag i serien.

Årsmelding Spretten 2009

Spretten har i dag 9 medlemmer.

Spretten hver onsdag i vinterhalvåret i Osterøyhallen. I 2009 har vi trent håndball og fotball, da det var liten oppslutning mens vi drev med Boccia.

Dessverre klarte vi ikke å mobilisere nok spillere til å melde oss på i serien. Interessen for trening avtok. Et er derfor planlagt å starte opp igjen med Bocciatrening. Er interessen stor nok vil vi melde oss på i Bocciaserien 2010/2011.

De fleste av medlemmene deltok i vintersportsdagen på Sjusete i mars. En flott dag med vinteridrett i nydelig vær.

I april var 3 medlemmer på Golsfjellet i 5 dager og deltok i vinteraktiviteter som aking, hundesledekjøring, snøscooterkjøring og langrenn. Det var nydelig vintervær under oppholdet og Oset høyfjellshotell, hvor vi bodde, hadde nydelig mat. I tillegg var det Bocciaturnering om kvelden og svømming for de som ønsket det.

I sommerhalvåret er alle aktive med i deltakelse i ”HOLA Vannet rundt”

Andre helga i september deltok Oddvar Magne Tvedt og Øystein Rosnes i Fylkesmesterskapet i friidrett. Oddvar Magne tok gull på 60 meter.

Åshill Fredriksen tar ikke gjenvalg som leder i Spretten. Berit Langeland ble på årsmøtet enstemmig valgt som ny leder. Nina Fjellskålnes fortsetter som kasserer.

Åshill Fredriksen (s)

Årsmelding Handballgruppa 2009

Styret for 2009 har bestått av:

| | |
|--------------|--------------------------------|
| Leder: | Robert Nilsen |
| Kasserer: | Hildegunn Mjøs |
| Skriver: | Vibeke Olsnes |
| Styremedlem: | Anne Grete Drange |
| Styremedlem: | Heine Tjoflot |
| Styremedlem: | Tove Bratland |
| Styremedlem: | Lars-Erik Haga |
| Styremedlem: | Kjersti Kleppe (Trenerkontakt) |

Valgnemd: Håndballgruppen har ikke hatt egen valgnemd i 2009. Det ble besluttet på årsmøtet at foreldrekontaktene skulle sørge for minimum 1 kandidat fra hver foreldregruppe til styret.

Administrasjon:

Styret har i driftsåret 2009 stort sett gjennomført ett styremøte hver måned (med unntak av feriemnd.)

Medlemstall:

Håndballgruppen har etter siste telling 103 medlemmer (dvs. en halvering fra 2008).

Deltagelse i cuper:

I tillegg til seriespill, har de fleste lagene deltatt på cuper: Vårsprett, Voss Cup, Julecup og felles tur til Førde hvor J13 og J14 var med i Førde Cup. Jenter 14 gjorde en fin prestasjon i Førde og kom på en tredje plass i denne cupen.

Trenere:

I løpet av 2009 har vi hatt disse trenerne: Åge Gjøstein, Kjell Gjøstein, Steffen Gjøstein, Hanne Gjøstein, Åshill Fredriksen, Veronika Birkeland, Anne-Mette Christensen, Jorunn Alme, Terje Lone, Kjersti Kleppe, Hege Kallekleiv Nilsen, Ina D. Olsen, Elin Kleppe, Sigrid Borge og Susann Torgersen.

Dommer:

Det har ikke vært noen håndballdommer tilknyttet OIL i 2009. På sikt vil dette forhåpentligvis endre seg siden vi nå satser på å innføre obligatorisk dommerkurs for alle i årsklassen 14 år.

Serien:

I dag har vi fem lag med i serien. Det er J9, J10, J12, J13 og J14. Vi hadde meldt på 7 lag, men når sesongen startet måtte vi trekke G10 og J15 på grunn av for lite oppmøte av spillere. Det som allikevel har vært ett lite lyspunkt er at Frida Jakobsen på J14 ble tatt ut på en regional landslagssamling.

Kampavviklinga i hallen går greit. Foreldrekontaktene har gjort en god jobb med å skaffe foreldre til arrangementene, og foreldre har vært flinke til å stille opp. Vi kan nevne spesielt Hafo-turneringen og miniturneringen som ble avviklet på en god måte.

Styret vil derfor takke alle som har vært med å utføre små og store oppgaver for håndballgruppen i året som har gått.

Robert Nilsen , leiar